



KLEPP KOMMUNE




Kleppekrossen

Kulturminneplan

2021 -2031

Vedtatt i kommunestyret xx xx xx



© John Th. Josefson/BONO

Med blikk for alle

Forord

Me har eit mangfald av kulturminne i kommunen vår; hustufter, haugar, krossar og namn. Dei er fragmenter og spor etter liv og menneskeleg aktivitet som inviterer til refleksjon, undring og læring. Kven var dei som budde her før oss? Korleis levde dei, kva var dei opptekne av? Kva likskapstrekk og skilnader var det mellom dei og oss?

Då isen trakk seg tilbake, for om lag 12.000 år sidan, kom dei første menneska til Jæren over Norskerenna frå Nordsjøfastlandet. Den gongen stod sjøen fleire meter høgare enn i dag og strekte seg blant anna heilt opp til Øksnevad. For å kunne overleva var folk avhengige av fangst og fiske, og dei slo seg ned der det var mat å finna. Langs Figgjovassdraget er det funne fleire buplassar frå steinalderen og mange gjenstandar som vitnar om dagleglivet til folk som budde der. [På Anda og Tu er det gjort arkeologiske funn som tyder på at det var faste jordbruksbusettingar allereie i slutten av yngre steinalder, for om lag 4500 år sidan.](#)

Dei eldste gardsnamna i Klepp stammar truleg frå bronsealderen (1700 – 500 f.Kr.), og er ei verdifull del av vår immaterielle kulturarv. Tenk at namn som Orre, Anda, Sele og Erga har vore nytta av folk i fleire tusen år! Dei store gravhaugane er og frå denne perioden. Funn frå eldre bronsealder(1700-1100 f.Kr) i Klepp utgjer 1/6 del av alle norske funn frå denne tida. Frå yngre bronsealder(1100-500 f.Kr) er det gjort færre funn, truleg fordi gravskikkane endra seg og kremasjon blei einerådande.

Frå jernalderen (500 år f.Kr. til 1050 e.Kr.) har me særleg rike funn frå Klepp. Området rundt Tinghaug, med gardane Hauge og Tu, var i eldre jernalder (500 f.Kr. – 570 e.Kr.) både eit politisk og religiøst midtpunkt. «Dronninga på Haugen» er ei av dei rikaste kvinnegravene i landet frå denne perioden og vitnar om ei kvinne som truleg har hatt stor makt i samfunnet.

Frå mellomalderen (1050 – 1537) har me det eldste bygget i kommunen. Orre gamle kyrkje, ei lita steinkyrkje som vart bygd omkring år 1250. Steinkrossen på Krosshaug vart truleg sett opp på 1000-talet. Både kyrkja og krossen vitnar om den nye religionen som hadde slått røter i samfunnet. Som følgje av svartedauden gjekk folketalet ned i bygdene og det skulle ta nesten 300 år før det igjen nådde det same tal som før pestene byrja å herja med folket. Øydegard som namn på bruk stammar frå denne tida.

Frå 1821 vart det innført ei utskiftingslov som oppløyste den gamle gardsstrukturen og førte til samanhengande jordteigar på gardane. Nye reiskapar som slåmaskin og plog vart tatt i bruk. Store områder vart drenerte og dyrka, og steingardane vart fleire og fleire. Fleire vegar og bruer vart bygd, og i 1878 kunne Kleppsbyen ta toget ut i verda. Borna i Kleppe sokn fekk ein fast skule å gå til då skulehuset på Haugabakka sto ferdig i 1854. Ei ny skulelov frå 1860 førte skulen i meir ålmenn retning og gjorde slutt på omgangsskulen.

I 1859 kom fyret på Feistein og gjorde sjøvegen tryggare for skipsfarten. Redningsstasjonen på Reve vart oppretta i 1854, og over 200 menneskje vart berga dei åra den var i aktiv drift.

Under andre verdskrig vart det sett opp store festningsverk langs strendene, og på Haugabakka stod det ein radiopeilestasjon. Tida etter andre verdskrigen var prega av jamn folkevekst og tettstadutvikling. Jordbruket har måtte vika for industri og servicenæring som hovudnæringsveg.

Folketalet auka kraftig etter krigen, frå 4678 Kleppsbyar i 1946 til 19.848 i fjerde kvartal i 2020.

Innhald

Innleiing	5
Plantype og avgrensing	6
Kva kulturminne er.....	7
.....	8
Automatisk freda kulturminne	9
Verneverdige bygg og objekt	12
Verdsetting av kulturminne	12
Bygningar.....	12
Gul liste.....	14
Kulturlandskap	19
Kystkultur	22
Krigsminne.....	24
Immateriell kulturarv	25

Foto:

Klepp kommune historisk arkiv.....forside,4,7,10,12,14,15,16,19, 20,21,25,26.

Thorbjørg Isafold Kristjansdottir.....5,9,17,18,19,22,23,24,26.



Folkemengda på Klepp stasjon under konge- besøket i 1906 eller 1914. (begge årstal står i Kleppes fotolister). Kongen i bakgrunnen.

Visste du at:

- Det finst 2890 automatisk freda kulturminne i Klepp.
- I tida mellom den første og andre kulturminneplanen vart 18 % av SEFRAK-bygningane i klasse B i Klepp rivne.
- Frå 2005 til 2019 har 12,5 % av SEFRAK-bygningane i klasse B vorte rivne.
- Framleis forsvinn mange bygningar, men tempoet har gått ned.
- Mange bygningar som det var bilete av i kommunedelplan for kulturminne «Kulturarv i Klepp» frå 2005 har vorte rivne i tida etter at planen blei vedtatt.

Innleiing

Kommunevisjonen «*Med blick for alle*» betyr at me vil at alle skal få ta del i lokal kulturarv og at kulturarva skal vera med på å skapa trivsel og oppleving, identitet og tilhøyrse, kunnskap, refleksjon og forvitenskap, samt bli nytta i samband med verdiskaping, næring, turisme og rekreasjon. Gjennom denne planen ønskjer me å leggja grunnlag for ei kunnskapsbasert forvaltning av kulturarv på kulturhistoriske premissar, peika på det som er av særleg verneverdig verdi, samt finna god balanse mellom vern, utvikling og endring.

I eit samfunn i stadig endring skal ein kulturminneplan vera eit reiskap for å sikra at kulturminna vert best mogleg tekne vare på for framtida. Denne temaplanen er den tredje kulturminneplanen for Klepp kommune. Den første kulturminneplanen vart vedteken i kommunestyret i år 1997. Den var i hovudsak ei samling av SEFRAK-registrerte hus bygde før år 1900. I 2005 kom ei revidert utgåve, «Kulturarv i Klepp». Målet med den reviderte planen var å visa breidda og mangfaldet av kulturminna i kommunen, og korleis desse kan takast vare på og forvaltast som samfunnsverdiar og ressursar for lokalsamfunnet. Begge planane har vore gode reiskap i samband med kommunal sakshandsaming innan arealplanlegging, byggesak, landbruk og kultur. Målet er at denne temaplanen – som byggjer på dei to tidlegare - skal vera det same.

I Klepp gjekk SEFRAK-registreringa føre seg i åra 1980-1982 med evaluering i 1993. Gjennomgang og kvalitetssikring av SEFRAK-materialet har vore ein del av førearbeidet til denne temaplanen. Fleire registrerte bygningar har sidan siste plan vorte rivne og har dermed blitt fjerna i denne planen.

Kulturminne er meir enn gamle bygg. Det er derfor tatt med eit utval av materielle og immaterielle spor etter menneskeleg verksemd frå dei eldste tider og fram mot vår eiga tid.



Krosshaug

Plantype og avgrensing

Planen skal følgjast opp gjennom årsplanar for kulturminneområdet og i årsplanar for tenesteområdet samfunn og kultur der det er aktuelt.

Bakgrunn:

Det formelle grunnlaget for planen er Kulturminnelova §1: «Kulturminne og kulturmiljøa med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ivareta desse ressursar som vitskapeleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjonar si oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd.»

Klepp kommune fekk tilskot frå Riksantikvaren i samband med utarbeiding av kulturminneplanen.

Planprosessen er forankra i Plan- og bygningslova som ein kommunal temaplan etter §11-1.

Med bakgrunn i erfaringar frå tidlegare og eksisterande plan har me funne det føremålstenleg å utarbeida planen som ein *temaplan* denne gongen.

Det formelle grunnlaget for utarbeiding av planen er vedtak i kommunestyret: i sak 57/12, Kommunal planstrategi og planprosess behandla i hovudutval for lokal utvikling 41/13.

Det finst fleire verktøy for «Ein strategi for bevaring av bygningar og bygningsmiljø.» Av desse kan nemnast:

- Kommuneplanen sin arealdel gir høve til å merka av omsynssonar. Det kan utarbeidast generelle retningslinjer for behandling av saker som gjeld konkrete (prioriterte) bygningar innanfor omsynssonene.
- Gjennom juridisk bindande avgjerd. Det kan gjelda t.d. spørsmål om rivning av eksisterande bygg og/eller volum, høgd, form og materialbruk på ny bygningsmasse.
- Kulturminne som er regulert til vern har eit sterkt formelt vern etter plan- og bygningslova.
- Prioriteringar gjennom temaplan for kulturminne – Her kan kommunen laga ein (prioritert) oversikt over bygningar og bygningsmiljø som det er viktig å ta vare på. Dette er ikkje formelt vern.

Forhold til andre planar:

- St.meld.nr 16 (2004-2005) Leve med kulturminne.
- Ny stortingsmelding på kulturmiljøfeltet vedtatt juni 2020: «*Nye mål i kulturmiljøpolitikken – engasjement, berekraft og mangfald.*»
- Tiltaksplan for jærhus i kommunane Randaberg, Stavanger, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå. (2000)

Kommuneplanen:

I gjeldande kommuneplan (2014-2025) har kommunestyret vedtatt 3 kommunemål

-Eit sunt og inkluderande lokalsamfunn -Barn og unge i første rekke -Tydeleg miljøprofil

- *Tydeleg miljøprofil*: god forvaltning av kulturarva i Klepp er berekraft i praksis.

I samband med arbeidet med ny kommuneplan er det vedtatt nye kommunemål.

Kulturminneplanen må sjåast i samanheng med kommunemålet:

«I Klepp har med inkluderande, trygge og miljøvenlege lokalsamfunn»

Kommunevisjon:

- *Med blikk for alle* – viser til at me tar vare på minne frå fortida sine for framtida sine kleppsuar.

Kulturminneplanen bygger opp under FN sine berekraftsmål:



Kva kulturminne er

Kulturminnelova definerer kulturminne og kulturmiljø som «*alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø*». I tillegg vert hendingar, tru, tradisjon og lokalitetar knytt til dette definerte som kulturminne. Kulturminnemiljø er område kor kulturminne inngår som del av ei større eining eller samanheng.

Kulturminna gir oss eit variert og fargerikt bakteppe med forteljingar frå tidlegare generasjonar sitt liv og virke. Kunnskap om desse forsvunne tider gjer oss innsyn i det særeigne i eiga lokalhistorie. Kulturminne er både ressursar for samtida og noko me forvaltar på vegne av framtida. I dette ligg ei plikt til å ta vare på kulturarva på best mogleg vis. Me må gjera val ut frå kva vår tid vurderer som viktig å ta vare på, val som er ganske endelege. Men me må og gjera val av kva som bør vernast ut i frå tankar og vurderingar av om kva folk i framtida kan tenkast å finna verdifullt. Som ikkje-fornybare ressursar er kulturminne og kulturmiljø som blir øydelagt eller fjerna, tapt for alltid.

Einkvan skil mellom faste kulturminne (bygningar, murar, vegar o.l.), lause kulturminne (gjenstandar) og den immaterielle kulturarva (knytt til handverk, dans, musikk, tradisjonar, skikk og bruk.) Denne planen tar for seg faste kulturminne og ikkje lause gjenstandar. Jærmuseet forvaltar våre lause gjenstandar, anten på Haugabakka eller på Jærmuseet i Hå.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>



Skeie: Eit skipsvrak vert heist på land.



Jæren Folkehøgskule og Klepp kyrke.
I bakgrunn Kleppe bedehus og
Carl D.Carlsen sin gard.



Skulen på Haugabakka.



På utkikk etter laks på Sele.
Lars Ådneson Sele;
Svend Svendson Sele, Karl Johnsen Sele.



Feistein fyr.



Torvskjering.

Definisjonar og omgrep

AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE: Kulturminne frå oldtid og mellomalder, før reformasjonen 1537. Vert og kalla *fornminne*. Gjeld og ståande byggverk frå perioden 1537 til 1649. Alle fornminne er freda etter kulturminnelova, og underlagt Riksantikvaren. Forvaltning og enkeltsaker er delegert den enkelte fylkeskommune. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50/KAPITTEL_2#%C2%A76

VEDTAKSFREDA KULTURMINNE: Nyare tids kulturminne, yngre enn 1537, kan fredast av Riksantikvaren etter kulturminnelova §15. *I Klepp har me Feistein fyr som er freda etter enkeltvedtak.* https://www.kystverket.no/globalassets/fyr-og-kystkultur/forvaltningsplaner/2017/vest/forvaltningsplan-feistein_-_kort-15-11-2013_just-12-10-16_red.pdf

VERNEVERDIG KULTURMINNE: Dei fleste verneverdige kulturminna har ikkje formelt vern, men vert tekne vare på fordi dei, ut frå historiske omsyn, er vurderte som verdifulle.

OMSYNSSONE FOR BYGG, KULTURMINNE m.m. SOM SKAL TAKAST VARE PÅ: Kulturminne, anlegg og kulturmiljø som er sikra, eller som skal sikrast vern ved regulering etter plan- og bygningslova (§11-8 bokstav c og §12-6). Kommunen har mynde til denne type regulering.

LISTEFØRTE OBJEKT: Gjeld alle kyrkjer som er bygde mellom 1650 og 1850. Desse er underlagt eit særleg vern. Alle tiltak på kyrkjebygget må godkjennast av Riksantikvaren. Når det gjeld omgjevnadene kring listeførte kyrkjer, er ansvaret delegert frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Det vil seie at fylkeskommunane skal uttale seg i plansaker, samt rettleia biskopen i saker som gjeld omgjevnader kring listeførte kyrkjer. Fleire kyrkjer bygde etter 1850 er og vurderte som særleg verneverdige og dermed listeførte. *Klepp kyrkje bygd i 1846, og Bore kyrkje bygd i 1891 er listeførte.*

KULTURLANDSKAP: Landskap påverka av menneskeleg aktivitet gjennom landbruk, busetnad og tekniske anlegg. <https://www.riksantikvaren.no/kulturminner-kulturmiljo-og-kulturlandskap/>

MUSEUMSVERN/MUSEALT VERN: *Kulturminne som musea eig eller har vedlikehaldsansvar for. Desse er som regel ikkje freda etter kulturminnelova.

FREDA KULTURMILJØ: Vedtaksfreding etter kulturminnelova §20. Fredinga gjeld spesielle område for å ta vare på kulturhistoriske verdiar i området. Freding ligg eit nivå over vanleg vedtaksfreding og representerer det strengaste vernet i kulturminnelova.

FREDING: kan berre gjerast av Riksantikvaren etter enkeltvedtak heimla i kulturminnelova. Fylkeskommunen kan ta initiativ til midlertidig freding om viktige kulturminne står i fare for å bli øydelagde.

VERN: Skjer ved å ta i bruk avgjersle om omsynssone og eventuelt andre føresegn i plan og bygningslova. Kommunen gjer vedtak om vern etter PBL.

SEFRAK: (SEKRETARIATET FOR REGISTRERING AV FASTE KULTURMINNER):

Eit landsdekkande og slutført register over eldre bygg og andre kulturminne frå perioden 1537 til 1900. Registreringa ble gjort frå 1970-talet til 1990-talet.

I Klepp har Rogaland fylkeskommune evaluert bygningane i etterkant av registreringa, og sett dei i 3 ulike verneklasser. <https://www.riksantikvaren.no/les-om/sefrak/>

Verneklasse A: Verneverdige kulturminne som er aktuelle for sikring ved formelt vern gjennom freding etter Kulturminnelova, eller regulering til omsynssone etter Plan- og bygningsloven (PBL). Svært høg alder kombinert med stor grad av autentisitet vil ofte aleine kunne gje grunnlag for plassering i verneklasse A.

Verneklasse B: Kulturminne som kan vera aktuelle for regulering til omsynssone etter PBL.

Verneklasse C: Bygningane vert jamstilte med andre bygningar, og er underlagt generelle føresegn i plan- og bygningslova. Verneverdien kan vera stor dersom bygningane står i ein samanheng og i et miljø. Status som A- eller B-objekt i SEFRAK-registeret betyr ikkje at ein bygning er freda eller verna. Den er berre definert som fredings- eller verneverdig. Dermed er det opp til kvar enkelt eigar og kommune å avgjera korleis bygningane skal forvaltast. Kommunen kan foreslå fredning, eller regulera til vern etter PBL.

<https://www.riksantikvaren.no/les-om/fredet-vernet-verneverdig/>

Automatisk freda kulturminne



Helleberget Stangeland

Automatisk freding inneber at kulturminnet er freda direkte etter teksten i kulturminnelova. Alle faste kulturminne frå før år 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 første ledd. Alle automatisk freda kulturminne har ei sikringszone på minimum 5 meter i alle retningar rundt det freda objektet. Ved erklæring om at ståande byggverk stammar frå perioden 1537 – 1649, er desse også automatisk freda. Samiske kulturminne frå år 1917, eller eldre er automatisk freda etter kulturminnelova § 4 andre ledd. Skipsfunn eldre enn 100 år er og automatisk freda.

I registeret «Askeladden» er det oppført 2890 automatisk freda kulturminne i Klepp kommune.

<https://www.riksantikvaren.no/vare-digitale-tjenester/>

Dei mest kjente kulturminna i Klepp:

- **Tinghaug:** Namnet viser til at staden var ein tingstad. Tinghaug er det høgaste punktet i Klepp, 102 m.o.h.
- **Krosshaug:** Ligg like ved Tinghaug. Den inneheldt ei svært rikt utstyrt kvinnegrav frå ca. 450 e.Kr. På Krosshaug står det ein gamal steinkross.
- **Dysjane:** Kretstun med 16 hustuffer orientert i to rekker rundt eit oval tun. Ein rundhaug i midten og eit trekantanlegg i nord-aust. I bruk Ca 0 – 200.
- **Steinhaug på Særheim:** Stor gravhaug frå bronsealder ved restane av eit gardsanlegg frå folkevandringstida.
- **Steinstjerna på Sele:** På folkemunne kalla «Dødssjødna». Stjerneforma røyser er ei uvanleg gravform. Steinstjerna er ikkje utgrave.
- **Tangarhaugen på Sele:** Ein gravhaug frå bronsealder.
- **Helleberget:** Bustad frå eldre steinalder. Havet stod høgare enn i dag og staden låg den gong ikkje langt frå sjøen. I eldre jernalder var det bygdeborg same staden.
- **Orre gamle kyrkje:** Kyrkja blei bygd på 1200-talet og er det eldste bygget i Klepp kommune.
- **Bore gamle kyrkjegard:** Ein kyrkjegard frå mellomalderen.
- **Feistein Fyr:** Fyrstasjonen er freda etter kulturminnelova §15 og §19.

Rogaland fylkeskommune har forvaltingsmynde for kulturminne og er ansvarleg for registrering av automatisk freda kulturminne i forbindelse med plansaker, enkelttiltak og liknande.

Arkeologisk museum, UIS, står for fagleg undersøking av kulturminne som er frigitt gjennom dispensasjon frå kulturminnelova, eller av andre grunner må undersøkast. Museet forvaltar og arkeologiske gjenstandar og formidlar kulturarva i regionen i sine arkeologiske utstillingar.

Askeladden er Riksantikvaren sin offisielle database over kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova eller kulturminnefagleg vurdert som verneverdige.

I samband med regionreforma slutta Stortinget seg til at oppgåver og mynde på kulturminneområdet vart overført frå Riksantikvaren til fylkeskommunane pr. 1. januar 2020.

Riksantikvaren har, som direktorat, ansvaret for den overordna og heilskaplege nasjonale kulturminnepolitikken.

Riksantikvaren er etter kulturminnelova klageinstans for fylkeskommunale enkeltvedtak. Klima- og miljødepartementet er klageinstans for enkeltvedtak fatta av Riksantikvaren. Riksantikvaren har forvaltingsansvaret for utvalde kulturminne.
<https://www.riksantikvaren.no/om-kulturminneforvaltningen/>



Steinstjerna på Sele

Slik vil me ha det:

- God forståing for verdien av freda arkeologiske kulturminne. Høg kunnskap og interesse.
- Godt samarbeid med grunneigarar, Rogaland fylkeskommune, faginstansar, historielag og andre aktuelle miljø for å sikra tilgjenge, kunnskap og forståing av kulturminna og deira verdi.
- Fornminna er lett tilgjengelege og vert skjøtta vel.
- Variert og oppdatert informasjon tilgjengeleg for publikum.
- Kulturminne og friluftsliv er knytt saman.
- Godt samarbeid med næringsliv med tanke på å fremja kulturminne i samband med reiseliv og anna næring. (Jamfør kapittel 5 i Kulturplanen)

Slik gjer me det:

- Utarbeider og har tilgjengeleg gode, attraktivt informasjonsmateriell om dei mest kjente kulturminna i kommunen.
- Har gode, fornuftige støtte-/ kompensasjonsordningar for grunneigarar.
- Sørgjer for at det er oppdatert og godt undervisningsmateriell om lokale kulturminne til bruk i grunnskulen, samt at det er god kunnskap i skulane om desse.
- Arbeider for å få til arrangement, turverksemd m.m. ved fornminna, i samarbeid med historielag og andre organisasjonar, Arkeologisk museum, grunneigarar med fleire.
- Informasjon om friluftsliv skal vise til kulturminne som utfartsmål, knytt til forskjellige arrangement, slik som t.d. historiske vandringar m.m.
- Lagar ein enkel konstruksjon som vernar stein- og jernkross på Bore mellomalderkyrkjegard.



Orre gamle kyrkje.

Verneverdige bygg og objekt

Verdsetting av kulturminne

Riksantikvaren skil mellom følgjande verdiar i vurdering av kulturminne:

- Kunnskapsverdiar
- Opplevingsverdiar
- Bruksverdiar

I tillegg er det fleire eigenskapar som det vert lagt vekt på:

- Alder
- Historia
- Arkitektur
- Samanheng og heilskap
- Formidlingsverdi
- Representativitet
- Identitets- og symbolverdi

Det sjeldne og unike målt på relevante lokale parameter er heilt sentrale kriteria ved utval av objekta som skal førast opp som verneverdige på gul liste.

Bygningar



Jærhusa har vore karakteristiske bygg i det jærskje kulturlandskapet. Plassering og utforming av husa syner korleis ver, vind og materialtilgang heilt fram mot vår tid prega byggeskikken.

Jærhusa blir ofte inndelt i to grupper:

-Det usamansette med stove, kammers, kjøkken og gang.

- Det samansette med stove, kammers, kjøkken, gang, svalar og bu.


Gjennom åra blei det samansette jærhuset utvikla med midtgangsplan. Eldre jærhus av den enkle usamansette typen blei ofte påbygt slik at dei og fekk ein slik plan. Dei fleste

jærhusa som ennå står att er av denne typen. Her er det stove og kammers på kvar side og gang og kjøkken i midten.


Det er elles ei definisjonssak kva eit jærhus er. I tiltaksplan for Jærhus (2000) blir dette drøfta. Etter denne registreringa har me 8 jærhus i Klepp kommune. Bygdemuseet på Haugabakka, Kristinahuset og Lalandshuset er i kommunal eige, medan privatpersonar har teke vare på og restaurert jærhus på Riskjell, Braut, Grødaland, Salte og Sveinsvoll. Klepp har og fleire døme på lange hus utan skutar, ofte med midtgangsplan og endekammers. Desse vert gjerne kalla jærhus. Desse er ikkje tekne med i jærhusrapporten.

Dei gjenverande Jærhusa skal ikkje rivast. Hovudprinsipp for vedlikehald er bevaring av opphavlege eller gamle bygningselement og detaljar.

Usamansett hus



Samansett hus



Oppmålingskisse av Marta Hoffman 1937



Friluftshuset på Orre.

Enkelte bygg markerer seg sterkare enn andre. Det kan vera på grunn av funksjonen, t.d. kyrkjer, eller bygg med særprega arkitektur. Eit døme på det er Friluftshuset på Orre. Andre bygg har av ulike grunnar ein spesiell plass i lokalmiljøet, slik som Orre samfunnshus. Desse bygga er identitetsskapande, vekker kjensler og er gjenkjennelege blant innbyggjarane.

GUL LISTE

Gul liste gir oversikt over bygningar, objekt, ferdselsårer og kulturmiljø som er registrert verneverdige i Klepp kommune.

Lista er delt inn i tre vernekatagorier:

Formell freding etter kulturminnelova:

Freding er den sterkaste forma for vern.

Verna etter plan og bygningsloven:

Regulering til spesialområde bevaring eller omsynsone.

Kommunalt listeført:

Kommunal listeføring markerer at bygget/objektet/miljøet blir vurdert å ha høg lokal verneverdi.

Kategorien har ikkje eigen lovheimel, men det må likevel søkjast kommunen om løyve viss ein vil gjera utvendige endringar.

Klepp kommune ønskjer å ha ei eiga liste over kommunalt listeførte kulturminne som blir vurderte til å ha høg lokal verdi. Lista vert kontinuerleg oppdatert og lagt fram politisk anna kvart år.

Orre samfunnshus er eit døme på den jærskedugnadsanda sett i system. På sitt vis representerer bygget både materiell og immateriell kulturarv. Eit staseleg bygg som skulle femne det meste for innbyggjarane og som representerte framtidstru då det vart bygd. I storsalen heng monumentmaleriet «Jæren» av Sverre Næsheim. Det er 4 m høgt og 9.5 m breidt. Storsalen med interiør og maleri bør ha eige vern etter plan-og bygningslova.



Verdikriterier: *Høg identitets- symbol- og kjeldeverdi.*



Skulebygg:

I 1922 sto det fleire nye skulebygg ferdige i kommunen. Tre av dei står framleis og er i bruk. Dei tre er Storhaug skule, Horpestad skule og Orre skule. Alle har med tida fått ulike påbygg for å kunne møte nye og skiftande behov.

Som del av vår lokale historie, vil me gjera framlegg om at minst eitt av desse skulehusa blir verna.

Bygningen på Storhaug har gjennomgått minst forandringar gjennom åra. Påbygget ligg på baksida og litt ifrå sjølv hovudbygningen, med ei «bru» som bind det gamle saman med det nye. Bygningen er godt synleg der den står ved vegkrysset Hattelandsvegen og Fv44. Med tanke på vern, vurderer ein det som eit føremøn at bygget er i dagleg bruk. Vernet gjeld fasadar/ eksteriør. Bygget er i god stand og treng ikkje fasadeendringar eller reparasjon utover vanleg vedlikehald. Skulebygget på Storhaug representerer òg ein samanhengande lenke i skulehushistoria i Kleppe skulekrins.

Skulebygget på Horpestad fekk eit stort tilbygg i 1978. Tilbygget ligg parallelt på sør/aust-sida av det gamle bygget med eit påbygg som bind dei to saman.

1922-bygget på Orre har og fått tilbygg i fleire omgangar. Tilbygg på sørsida som er tilsvarande det opphavlege bygget, og eit nyare påbygg frå 1996 på aust sida av 1922 bygget.

Lærarbustaden vart oppført samtidig i 1922 står framleis og er i kommunal eige. Den har høg grad av autentisitet.

Alle skulebygga og lærarbustaden ble behandla utvendig med den spesielle murarteknikken «Rapping». http://kulturmur.no/html/rapping/rapping_t.html
Verdikriterier: *Historisk verdi, formidlingsverdi, aldersverdi, identitetsverdi.*



Klepp rådhus

Klepp rådhus frå 1973 er teikna av arkitektane Tonning og Øglænd. Huset er ein sentral bygning i Kleppe sentrum. Eit nøkternt og jordnært bygg som passar inn i omgivnaden.

Rådhuset er tidstypisk, delvis oppført i stadstøyp betong og delvis i prefabrikkerte betongelement - eit karakteristisk materiale for perioden. Det same kan seiast om den gjentakande ribbestrukturen. Strukturalistiske element både i fasaden og i romplanen innvendig i bygget. Rådhuset skal restaurerast og bli eit kommunehus. Klepp rådhus er eit av få kulturminne og symbolbygg i Kleppe. Difor vert det vurdert viktig å behalde ytre strukturer og materiale, om ikkje anna enn på deler av fasaden. Fylkeskommunen er opptatt av at bygget er gjenkjenbart med tanke på form, materiale og struktur etter restaureringa. Dette er tillagt vekt i samband med planane for ombygging og restaurering av bygget. Rådhuset vert vurdert å ha regional verdi.

Verdikriterium: *historisk verdi, arkitektonisk verdi, formidlingsverdi, identitets- og symbolverdi.*

Transformatorkiosken på Håland

Klepp-koblingskiosk blei oppført i betong og tre i 1922. I juni 1992 søkte Klepp Everk om å få riva bygget. Kommunen peika på den stilhistoriske og arkitektonisk verdi i bygget og tilrådte at den burde blitt tatt vare på. Bygget er verna etter plan- og bygningslova.

Verdikriterier: *arkitektonisk verdi, historisk verdi, formidlingsverdi.*

Stolpebu på Vik

Stolpebua på Vik, kjent som jærsmålaren Kitty Kielland sin sumarlosji på Jæren, vart bygd i 1890. Bua er eit interessant bygg, kulturhistorisk sett. Den viser til den tida då Jæren var eit ynda motiv for kunstmålarar. Bua har stor grad av autentisitet og er i privat eige.

Verdikriterier: *kulturhistorisk verdi, formidlingsverdi.*

Tårnkioskar - elektriske installasjonar

Ved innføringa av elektrisitet var det og behov for installasjonar for å bringa elektrisiteten ut i kommunen. Den første varianten av kraftlinjer var steinheller sette på høgkant i steingardane. Restar av desse konstruksjonane er framleis synlege enkelte stader. Seinare kom dei karakteristiske trafokioskane. Med tida har mange av dei forsvunne.

Det er viktig å vurdere moglegheita for framtidig vern. Me foreslår at tre/fire bør vernast i dialog med Klepp elverk.

Vernekriterier: *historisk verdi, identitetsverdi, formidlingsverdi og industrihistorisk verdi.*

Riksantikvaren er fredingsmynde etter kulturminnelova:

- dei fleste statleg eigde bygningar og anlegg som er freda (Staten si kulturhistoriske eigedomar)
- dei fleste arkeologiske kulturminna som er freda
- fleire teknisk-industrielle kulturminne
- freda og verna fartøy
- ikkje-kyrkjelege mellomalderbygg
- områdefreding kring freda kulturminner

<https://www.riksantikvaren.no/veileder/ansvarsforskriften/>



Potetmjølfabrikken sin eldste del

Den eldste delen av potetmjølfabrikken blei oppført i 1898 og har nær autentisk grunnform. Oppført i Fylkesplan for kulturminne i 1989. - Vernekriterium: *historisk verdi, identitetsverdi, industri- og bygningshistorisk verdi.*

Bustadhus i sentrum på Klepp stasjon

Bygd i 1920. Stil nyklassisisme. Eit av få hus i denne stilen i kommunen og eit av få hus som står igjen frå gammalt av rundt togstasjonen. Har hatt ulike næringsverksemd i nedre etasje gjennom tidene. Butikk og postkontor, skreddar og skomakar. Kunstmålar August Jacobsen budde i huset i ein periode. Godt vedlikehalde. I privat eige.

Verdikriterium: *identitetsverdi, historisk verdi.*



Naustrekka ved Sele hamn

18 naust fordelt på 4 grupper. Teikna av arkitekt Helge Schjelderup. Oppført mellom 1997 – 2005, delvis på gamle naust tomter. Bygd i tråd med eldre byggeskikk på Jæren med ytterveggar i naturstein, gavlar i tre, og teglpanner på taket. På Gul liste.

Verdikriterium: *arkitektonisk, historisk,*

Slik vil me ha det:

- Eit representativt utval verneverdige bygg og omgjevnader frå ulike tids- og stilepocar blir tatt vare på for framtida.
- Kulturminne og kulturmiljø i kommunen blir tatt vare på i eit langsiktig perspektiv, på ein måte som sikrar representativitet og breidde.
- Hovudprinsipp for vedlikehald er vern av opphavlege, eller gamle bygningselement og detaljar.
- Me har eit godt registreringsverktøy for gode døme på byggjeskikk frå 1900-1980.
- Alle inngrep i kommunalt listeførte kulturminne er avklarte med kommunen.
- Grunneigarar og innbyggjarar har kunnskap om verneverdige bygg og installasjonar.

Rogaland fylkeskommune:

<https://www.rogfk.no/vare-tjenester/stotte-stipend-og-priser/okonomisk-stotte-og-stipend/kulturminner-og-vern/tilskudd-til-verneverdige-bygg-og-anlegg/>

Kulturminnefondet:

<https://kulturminnefondet.no/jeg-skal-soke/faste-kulturminner/>

Slik gjer me det:

- Sikrar godt brannvern og vedlikehald av verna bygg, slik at tap av kulturminne som følgje av brann, forsømming, riving, eller øydelegging blir minimalisert. Installere sprinkelanlegg i Lalandshuset og Kristinahuset.
- Sørgjer for at byggeigarar får god og tidleg informasjon og rettleiing i bygg- eller bruksendringssaker som gjeld kulturvern og at informasjon om tilskotsordningar som gjeld vern er godt kjente.
- Jærhus og bygg i SEFRAK A skal ikkje rivast. Eksteriørmessige endringar skal ikkje gjerast utan at det ligg føre særleg grunn. Bygg i SEFRAK B skal så langt som råd er ikkje endrast eller rivast.
- Ved utskifting, ombygging, tilbakeføring og påbygging skal planar førehandsgodkjennast for alle bygg på Gul liste. Ved om-/påbygging, fasadeendring og større reparasjonar skal kommunen uttale seg.
- Arbeidar for at bruksendringar og oppgraderingar kan skje utan at kulturminnekvalitetar blir forringa.
- Sikrar at vernespørsmål blir tilstrekkeleg vurderte i alle saker som gjeld nybygg, ombygging,

Vernekriterier:

<https://www.riksantikvaren.no/veileder/verdisetting-og-verdivekting-av-kulturminner/>



Potetkjeller



Feistein fyr

Kulturlandskap

Alt landskap som har spor av menneskeleg aktivitet er kulturlandskap. I denne samanheng er det meste av alt landskap prega av driftsformer frå tidlegare tider som vert rekna som kulturlandskap. Fysiske spor etter torvskjering, steingardar, geiljar og liknande vitnar om eit jordbrukslandskap som gjennom hundrevis av år har blitt forma gjennom iherdig arbeid. Jordbruk har alltid vore livsgrunnlaget for næringsliv og busetting i Klepp. Omforming av landskapet, frå uproduktiv utmark til produktivt jordbruksland, pregar kommunen.

KULA – Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse

Nye driftsformer og mekanisering har ført til store forandringar i landskapet, men nå skjer forandringane raskare enn tidlegare. Då er det større fare for at viktige landskapsverdiar går tapt. Riksantikvaren ønskjer å styrka arbeidet med landskap og har derfor oppretta eit landsomfattande register over kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse «KULA». Jærkysten er eit av dei 17 områda i Rogaland som er registrerte. Riksantikvaren ønskjer at kommunen innarbeider KULA-områda i kommuneplanar og andre planar, ved å gje dei omsynssone med retningslinjer og knyta generelle føresegner til dei.

<https://www.riksantikvaren.no/prosjekter/kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse-kula/>

Beitelandskapet på Nese er eitt av få kulturlandskap som er nemnt i den nasjonale registreringa «Verdifulle kulturlandskap i Norge». Området er, som andre kulturlandskap, avhengig av aktiv drift for å oppretthalde særpreget.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/dirnat2/attachment/527/binder1.pdf>



Steingardane har lang tradisjon og er synlege og viktige kjennemerke i kulturlandskapet i Klepp. Ei rekkje av dei eksisterande innmarkssteingardane er frå tida etter 1821, då den fyrste lova om utskifting trådde i kraft. Då vart små åkerlappar og teigar slått saman til større einingar som følgje av jordskiftelova. Dyrka mark og beite med steingardar har ein spesiell biologi. Kantane ved steingardane, åkerholmar og liknande kan vera store nok område til at dei kan fungere som levestad og grøntkorridorar for ei rekkje arter. Tilskotsordningar i landbruket skal blant anna gje gardbrukarar kompensasjon for ulempene ved å ta vare på kulturlandskapet.

SMIL-ordninga kan gi tilskot til grunneigarar som særleg ønskjer å halda gamalt kulturlandskap i hevd.

[file://krhsrvfs02/brukere/ul/Downloads/590542ce-be5d-4aaf-85b6-57adc46e33e8%20\(1\).pdf](file://krhsrvfs02/brukere/ul/Downloads/590542ce-be5d-4aaf-85b6-57adc46e33e8%20(1).pdf)

[file://krhsrvfs02/brukere/ul/Downloads/50301ea0-997e-454c-8a21-71ff8a08d8f2%20\(2\).pdf](file://krhsrvfs02/brukere/ul/Downloads/50301ea0-997e-454c-8a21-71ff8a08d8f2%20(2).pdf)

Tilskot: SMIL-spesielle miljøtiltak i jordbruket

Føremålet med SMIL er blant anna å ta vare på natur og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap. Eit viktig siktemål med ordninga er å stimulera til meir målretta innsats med utgangspunkt i lokale behov, utfordringar og målsetningar.

<https://kulturminnefondet.no/soknad/andre-tilskuddsordninger/>

Postvegen

Gjennom den austlege delen av Klepp finn ein restar av Postvegen og Kongevegen. Dei var viktige i den tidlegaste vegutviklinga, og Postvegen er framleis i dag eit vitne om vegkunst i tidlegare tider.

Gangsteinar

Gangsteinane går over Figgjoelva mellom Stangeland og Øksnevad, og utgjer til saman 22 steinar. Steinane var kjende før 1636, og var truleg og i bruk i mellomalderen. Gangsteinane fungerte som ein del av kyrkjevegen frå gardane på Stangeland til Klepp kyrkje.

Skjævelandsbrua

Den vart teke i bruk i 1852 som ein del av den Vestlandske hovudveg. Brua er ei hundre meter lang steinkvelvbru i hoggen stein. Midt på brua står heradsdelemerket mellom Klepp og Sandnes. Gangsteinane og Skjævelandsbrua er med i Nasjonal verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne.

<https://www.nb.no/nbsok/nb/de7f6cb263e8709f47ccc0a41d2e8fcf?lang=no#0>

Slik vil me ha det:

- KULA-prinsippet blir tatt tilstrekkeleg omsyn til i saker som gjeld kulturminne og landskap.
- Steingardar, geilar, tun, landskap, omgjevnader, verdifull vegetasjon er teke omsyn til og verna for ettertida – så lenge det ikkje går urimeleg ut over praktisk gardsdrift.
- Viktige historiske element og strukturar i nye utbyggingsområde blir teke vare på.
- Eit utval kulturlandskap med driftsformer frå tidlegare tidsepokar er tatt vare på.
- Eit representativt utval av ferdelsårer er teke vare på.



Gangsteinane



Skjævelandsbrua



Postvegen

Slik gjer me det:

- Sikrar stadstypiske, unike kvalitetar i landskapet for framtida.
- Tar vare på skiftegardar, steingardar som er doble, og tar særleg vare på geilar.
- Tar vare på steingardane langs **hovudinnfartsårene** til tettstadene.
- Tar vare på steingardane som er godt synlege **i området** langs nasjonal turistveg Jæren, samt steingardane **i området** langs Postvegen.
- Nyttar aktivt landbruksrelaterte verkemiddel (som t.d. SMIL-ordninga), i samband med kulturminnevernet.
- Sikrar at tilrettelegging og skjøtsel av friområde skjer på eit vis som og tar vare på aktuelle kulturminneverdiar.
- Ferdelsårene skal leggjast til rette for bruk, til dømes gjennom å knyte dei opp mot turvegnettet i kommunen.
- I arbeidet med kommuneplanen; vurderer om KULA-områda skal markerast med eigne omssynssonar



Ingeborg Kleppe og Kjell Kleppe jagar heim kyrne. Veg med steingardar på kvar sida – ein geil.

Kystkultur

Havområdet utanfor Jærkysten har vore kjent som ein farleg ferdselsveg. Allereie i Snorre sine Kongesoger høyrer me om forlis i farvatnet utanfor Jæren. Historia er full av forteljingar om fryktelege forlis og dramatiske hendingar som har utspelt seg langs kysten. Trass i mangel på naturlege hamnar langs kysten av Klepp, er det mykje historie knytt til sjøen og kystlinja. Vrakgods frå skipshavari vart nytta, og mangt eit bygg har skipsplankar i veggene. Tarebrenning var ei god inntektskjelde på sjøgardane, og tang og tare vart nytta både som gjødning og jordforbetningsmiddel og råstoff.

Føresetnaden for påliteleg sjøtrafikkavvikling er god maritim infrastruktur. Redningsstasjonen på Reve vitnar om den store forandringa som skjedde då stasjonen vart etablert i 1854, og enkelt, men effektivt redningsutstyr blei tilgjengeleg for å kunne berga sjøfolk i havsnaud.

Det første fyret på Feistein vart bygd i 1859 og var til stor hjelp for skipsfarten. Fyret vart automatisert og avfolka på slutten av 1980-tale. Det som før var ein utsett post for fyrvaktarar og familieane deira, er no eit ynda turmål og ein friluftsattraksjon. Fiske har, av naturlege grunnar, aldri vore ei stor næring i Klepp, men som attåtning har den røter langt tilbake, med små båtar som var lette å hala på land. Laksefiske i Figgjoelva har alltid vært ettertrakta.

På slutten av 1800 talet vart Jærkysten ein del av kunsten. Kunstnarar oppdaga det særeigne ved Jæren, med det spesielle lyset, kysten og landskapet. Kitty Kielland, Nikolai Ulfsten og Eilif Pettersen er dei mest kjente.



Frå Selestranda. Eilif Pedersen(1852 – 1928)



Vrak

Våren 2016 vart restane av ein gammal vrakdel på Orresanden gjenoppdaga. I samarbeid med Klepp kommune, gjennomførte MUST - Stavanger maritime museum - ei prøvegraving og gjorde analysar av treverket. Vrakdelen er eit ca. 10 x 4 meter stort flak, som har vore ein del av ei skuteside.

Vrakdelen vart teken opp og konservert i 2017 og ligg no på lager, mens det vert

arbeidd med ei varig løysing som skal gjera den tilgjengeleg for publikum. Plassering i det nye kommunehuset på Klepp har vore avklart i eiga politisk sak.

Kunnskapen om kulturminne under vatn blir formidla av Stavanger maritime museum og Jærmuseet. Stavanger maritime museum har forvaltningsansvar for maritime kulturminne. Navigasjon og sjøredningsteneste knytt til ferdsel på sjøen, er tema som Jærmuseet dekkjer. [Riksantikvaren er fredingsmynde etter kulturminnelova for båtar, bygningar og anlegg frå nyare tid, bygningar og anlegg i staten sitt eige samt for områdefreding kring freda kulturminne.](#) (Sjå side 16)

Det er mykje historie knytt til redningsstasjonen. Jærmuseet har eit redningsmuseum på Oгна i Hå, og det er ikkje grunnlag for to slike muse på Jæren.

Slik vil me ha det:

- Historia om kystkulturen i Klepp er kjent.
- Historia om kystkultur blir nytta som grunnlag for kultursatsing, og profilering av kommunen.
- Det er høg lokal interesse og kunnskap om kystkultur.
- Vraket har ei permanent plassering i kommunehuset.

Slik gjer me det:

- Leggja betre til rette for å gjere Feistein fyr tilgjengeleg for allmenta. Vern gjennom bruk er den beste måten å halde eit kulturminne.
- Gjere kysthistoria betre kjent med skilting, nettbasert informasjon og historiske vandringar.
- Vera positive til regionalt samarbeid med å formidla historia om Jærmålarane.
- Historia om vraket blir formidla på ein god måte når det har fått ei permanent plassering i nytt kommunehus.

Krigsminne

I historisk perspektiv var Jærkysten eit viktig forsvarsområde. Plasseringa i forhold til Sola og flyplassen, gjorde Klepp til eit sentralt område under andre verdskrigen. Tyskarane sine anlegg



i Klepp var for det meste invasjonforsvar og peile- og radioutstyr som blei brukte til å leia tyske bombefly til mål i England. Engelske fly som skulle bombe Sola flyplass tok land på Reve og følgde sjøkanten nordover. Installasjonane på Reve kunne og kontrollera og beskytta tyske konvoiar langs kysten. Ein god del av anlegga er framleis synlege.

Frå ”Knickebein”, navigasjonspeileran på Haugabakka, var det fri sikt over Nordsjøen. Radiosignal blei sende derifrå til tyske fly på veg mot bombemål i England. Det blei og laga omfattande sperringar i form av steingardar, grøfter og landminer.

Dei siste to-tre åra av krigen var tyskarane redde for alliert invasjon, med landgang via dei lange sandstrendene. Sperringane var ein

kombinasjon av steingardar, grøfter, landminer m.m. knytt til større vassdrag slik som Orrevatnet.

Mange av installasjonane blei fjerna i åra etter krigen, men framleis er det mogleg å sjå spor etter okkupasjonen i Klepp.

Slik vil me ha det:

- Lokalhistorie knytt til krigen er teken vare på.
- Krigsminne er tilrettelagte t.d., gjennom avtalar med grunneigarar i samband med turstiar, eller for undervisning/reiseliv.
- Arrangement med historiske tema blir haldne.
- God Informasjon gjennom skilting.

Slik gjer me det:

- Inngår avtaler med grunneigar, skjøtsel av områda, samarbeid med fylkeskommunen om nødvendig vedlikehald.
- Ordnar med skilting med informasjon om dei enkelte krigsminna.
- Samarbeider med Historielaget og andre om formidling av lokalhistorie knytt til krigen og krigsminna. (arrangement, foredrag, publikasjonar)
- Tar vare på eit representativt utval fysiske krigsminne, bunkarsar og grøfter.

Immateriell kulturarv

Stadnamn

Kleppsbuen har i stor grad orientert seg i landskapet ved hjelp av stadnamn eller lokalitetsnemningar. I eit jordbruksområde som Klepp, finst det ei mengd hagar og hagenamn som skil dei ulike teigane frå kvarandre. På sjøen er det namn på grunner og skjær, og på ulike botnlokalitetar som ein har fiska på.

Stadnamna er overført munnleg frå generasjon til generasjon, men når namn mister si identifikasjonsoppgåve, går dei ut av bruk og blir gløymde.

Segn og historie er knytt til ymse stadnamn og former i landskapet.

Historiske bilete

Klepp kommune eig fotosamlinga etter K.K. Kleppe. I tillegg eig kommunen og bilete frå private fotosamlingar. Gjennom bilete kan ein få innblikk i korleis livet arta seg i tidlegare tider, både til kvardags og ved høgtider. K.K. Kleppe si samling inneheld ei rekkje bilete frå Klepp, i tillegg til bilete frå stortingsliv i Oslo og reiser rundt om i innland og utland.

Samlinga til K.K. Kleppe og dei private samlingane gjer oss innblikk i dagleglivet til Kleppsbuen dei siste 150 åra.

Deler av denne samlinga er digitalisert og er tilgjengeleg på nett.

Slik vil me ha det:

- Immateriell kulturarv er godt kjent og verdsett
- Vegnamn blir knytt opp mot lokalhistoriske stadnamn.
- Samlinga av lokalhistoriske verk er fullstendig
- Heile fotoarkivet er digitalisert og tilgjengeleg

Slik gjer me det:

- Held fram med godt samarbeid med Historielaget, kyrkja og andre aktørar om saker/emne som gjeld vern.
- Sørgjer for at lokalhistoriske stader blir skilta med forteljingar om hendingar frå plassen.
- Har publikasjonar og arrangement som gjer lokalhistoria kjent.
- Fotosamlinga blir gjort kjent (og lettare tilgjengeleg)
- Oppmodar private eigarar om å ta vare på fotosamlingar.
- Støtter opp om lokalhistoriske publikasjonar, tilstellingar og andre initiativ som kan styrkje lokalhistoria.
- Fullføra digitaliseringa av fotoarkivet.
- Klepp bibliotek varetar, og sikrar fullstendig samling av lokalhistoriske verk.

Risen på Jæren



Pighedlå på Anda freda ved lov.

«Ei tid var det tjukt med skog paa Jæren, og den tid heldt det seg ein rise paa dei kantar. Han gjekk og slo skog sameleis som folk no sker gras, og det var ikkje vesalle slaattegreidor han brukte, som me no skal høyra. Han heldt seg ei tid attmed Kleppe. Der lærde han aa kjenna ei kongsdotter som han vart fælt glad i. Ho var dotter til Kleppekongen; men daa risen fridde, vilde kongsdotteri ikkje hava han. Grunnen var den at ho ikkje kunde lika han, og so vilde ho ikkje segja upp med kongen paa Tjøtta, som ho var trulova med. Risen vart harm; men han beit sinnet i seg og gjorde henne ingen ting; for han hadde ikkje hug til aa gjera seg uvener med dei tvo kongarne.

So var det ein dag han gjekk og slo attmed Njaafjellet. Medan han daa stod og kvatte, kom han til aa sjaa nedyver til Kleppe. Daa rann det han i tankarne at kongsdotteri hadde vore so byrg og god paa det, at ho ikkje vilde hava han, og med eitt stakk sinnet han, so han hivde kvassteinen nedyver og tenkte han skulde raama kongsdotteri paa Kleppe. Daa det var gjort, kjende han ein stein i skoen. Den tok han daa og kasta same vegen.

Men det gjekk ikkje som han tenkte. Han naadde ikkje kongsdotteri korkje den eine eller den andre gongen. Kvassteinen slumpa ned paa Anda med enden fyre, so han vart standande som



Dyngjarsteinen

ein annan stolpe. Den andre steinen dumpa ned i Dyngjarsbakken attmed Kleppestemmen; han er minst tvo famnar i kvar kant. Kvassteinen hev dei lagt maal paa i seinare tid; han er 3,5 meter lang, 0,8 meter breid og 0,3 meter tjukk. Den som hadde havt eit maal paa ljaen og orvet!»

Folkeminne fraa Rogaland I-III (1928–35). Torkell Mauland.

https://historier.no/historier/ein-rise-paa-jaeren/?option=com_content&view=article&id=4754